



DAG HAUGLAND
TOTAKVEGEN 33

3864 RAULAND

Delegert sak nr. 8/26

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELL.CHRI	2025/7486	351/2026	K01	07.01.2026

165/1 - Svar på snøskuterløyve til utmarksnæring

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg
- Kartutsnitt
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova - vedteke i kommunestyret*
15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn:

Vinje kommune har motteke søknad om løyve til motorferdsel med snøskuter i samband med transport til hytter og buer innanfor Hardangervidda nasjonalpark.

Tilsynsutvalet for Hardangervidda nasjonalpark har handsama søknaden og gjeve løyve etter **verneforskrift for Hardangervidda nasjonalpark**, med heimel i § 4. Tilsynsutvalet er delegert mynde frå Miljødirektoratet til å fatte slikt vedtak.

Saka vert her vurdert etter **motorferdsellova**, som krev eige kommunalt løyve.

Vurdering:

Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode, men kommunen kan etter motorferdsellova § 5 d gje løyve når det ligg føre særlege behov som ikkje kan dekkjast på annan måte.

Det er lagt vekt på at:

- transporten gjeld ved, brensel, utstyr, proviant og materialar til hytter og buer,
- talet på turar er avgrensa,



Vinje kommune

Næringskontoret

- køyreperioden er tidsavgrensa av omsyn til villrein,
- køyretrase er kartfesta,
- det ligg føre gyldig løyve etter verneforskrifta.

Kommunen vurderer at tiltaket har eit aktverdig formål og kan gjennomførast på ein miljøforsvarleg måte, i samsvar med praksis etter motorferdselslova § 5 d. Når vilkåra vert følgde, vil motorferdslova ikkje medføre vesentlege ulemper for natur, friluftsliv eller andre interesser.

Einingsleiar sitt vedtak:

DAG HAUGLAND sin søknad om løyve til utmarksnæring blir innvilga. Løyvet gjeld frå 07.01. til og med 15.04.2026 og er knytt til verksemda.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekte i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet etter motorferdselslova gjeld berre saman med gyldig løyve etter verneforskrift for Hardangervidda nasjonalpark.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseane vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyting skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Kлага skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
Konsulent



Løyve til utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav d

LØYVE TIL UTMARKSNÆRING

Løyvet gjelder for:

Mogen ans v/ Dag Haugland, TOTAKVEGEN 33, 3864 RAULAND

Traseane som skal nyttast er innteikna i kartet.

Løyvet gjeld frå 07.01. til og med 15.04.2026 og er knytt til verksemda.

Løyvet gjeld transport av utstyr og materiell for verksemda.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet etter motorferdselslova gjeld berre saman med gyldig løyve etter verneforskrift for Hardangervidda nasjonalpark.
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv





Vinje kommune
Næringskontoret

